

## - KULTUROPPROP I EID 2019 -



Eid er eit musikalsk kraftsentrum, vi er alle stolte av det.

Når det gjeld bruk av tekst er eg ikkje like imponert.

Eg tenkjer ikkje på historisk stoff, det gjerast eit framifrå arbeid av enkeltpersonar og sogelag i heile Nordfjord.

Nei, eg tenkjer på dei kunstnarlege strømingane.

Vi sit midt i eit landskap der kontrastane er store og kallar på skrivarane blant oss. Profesjonelle gjer sit, men det er så mykje meir der ute i eventyrene, segnene, draumane og poesien.

Det er ting på stell i dag for oss skrivande. Det er nemleg enkelt og rimeleg å få gitt ut ei bok. I gamle dagar sendte vi våre manus til eit forlag, og med få unntak vart alle avviste. Det betydde at skriveria til vanlege folk vart stempla som *for dårleg*. Verdifull folkelegheit tapte for ekspertveldet.

Eg budde i Vestfold i 15 år inntil 2012, og fantasien fekk utløp i eit aktivt miljø der vi møttast regelmessig, mange skrivande.

Vi leste våre tekster, eller andres, og sang våre viser.

Eg tenkjer at skildnaden ikkje er så stor på Vestfold og Nordfjord.

Ikkje minst er Vestfold-dialekten levande i bruk, i ein buss fekk eg beskjed av sjåføren at du ikkje får ein billett til Borgen, som jeg sa, men til *Børja*. Og tomte vår hadde aldeles ikkje store *bøkeetrær*, men store *boker*. Derav *bokstav* og *bokfink*. Den kjende Vestfold-forfatterinna Margaret Skjelbred nyttar dialekta si på genuint vis: *Det er aleine du er ...*

Med fare for å bli nostalgisk minnest eg elleville førestillingar som Bellman på norsk, Ukulele-sprell, og ein Poesikonsert (!) med kor og mange poeter i Stokke kirke, vi fylte det store kirkerommet.

*No samlast poesi-krefter i Eid  
under fanen «Poetry Night».  
Fritt fram for alle språk og dialekter!  
Fritt fram for poesien!*